



Til adressatar i følgje liste

Saksbehandlar, innvalstelefon

Tom Dybwad, 5764 3123

Vingen landskapsvernombjøde - framlegg til forvaltningsplan

Statsforvaltaren i Vestland sender med dette på høyring eit framlegg til forvaltningsplan for Vingen landskapsvernombjøde.

Forvaltningsplanen skal vere eit hjelpemiddel for å oppretthalde verneformålet og for å fremje verneverdiane. Forvaltningsplanen blir utarbeidd innanfor rammene i gjeldande verneforskrift. Planen skal også fungere som rettleiar for forvaltningsstyresmaktene. Forvaltningsplanen er ikkje eit juridisk bindande dokument, men skal avklare handtering av verne- og brukarinteresser i området.

Vingen landskapsvernombjøde vart oppretta ved kgl.res. 9. mai 1980. Vingen kulturminnevernombjøde, som omfattar den vestlege delen av landskapsvernombjødet kring Vingepollen og sjøen med helleristingar, vart freda 02.11.2001 i medhald av kulturminnelova som områdefreding. Vingebygda (Vingen vakthytte) vart freda 14.08.2015 som ein del av landsverneplanen for statlege bygg. Statsforvaltaren i Vestland er forvaltningsstyremakt i landskapsvernombjødet, medan Vestland fylkeskommune er forvaltningsstyremakt for kulturminna med helleristingsfeltet.

Formålet med opprettning av Vingen landskapsvernombjøde er «*å verne eit vakkert naturlandskap med viktige kulturhistoriske særtrekk (helleristingsfelt)*» (verneforskrifta pkt. III).

Statsforvaltaren vil samarbeide tett med Vestland fylkeskommune om forvaltningsplanen slik at forvaltninga av natur og kultur vert forvalta til beste for både delar. Vi er kjende med at fylkeskommunen våren 2021 vil setje i gang arbeidet med ein revisjon av gjeldande forvaltningsplan og skjøtselsplan for kulturminneområdet i Vingen. Vi ser det som ønskjeleg og viktig å samkøyre revisjon av forvaltnings- og skjøtselsplan for kulturminna med utarbeiding av forvaltningsplanen for landskapsvernombjødet.

Våren/sommaren 2021 vil Miljøfaglig Utredning gjennomføre ei artskartlegging i Vingen landskapsvernombjøde. Resultata frå kartlegginga vil bli innarbeid i forvaltningsplanen før denne vert godkjend.

Det kan vere aktuelt med opne møte i samband med utarbeidingsprosessen.



Alle som ønskjer det kan kome med fråsegn til framlegget til forvaltningsplan. Vi ber om at fråsegner vert sendt statsforvaltaren innan **15. august 2021**. Framlegg til forvaltningsplan og aktuelle vedlegg er tilgjengelege denne lenka: <https://fpnv.naturbase.no/Plan/View?NaturvernId=VV00000574>

Etter høyringa vil fråsegner som er i samsvar med verneforskrifta bli innarbeidd, og forvaltningsplanen vil truleg verte godkjend på slutten av 2021. Det er Statsforvaltaren i Vestland som sjølv godkjener forvaltningsplanen for landskapsvernombrådet.

Med helsing

Eline Orheim
sekjonsleiar

Tom Dybwad
prosjektmedarbeidar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

Framlegg til forvaltningsplan for Vingen landskapsvernombråde med

- Verneforskrift for Vingen landskapsvernombråde av 9.05.1980
- Kart over Vingen landskapsvernombråde og Vingen kulturminneområde
- Fotovedlegg Vingen landskapsvernombråde og kulturminne
- Riksantikvaren sitt brev av 2.11.2001 om fredning av Vingen kulturminneområde
- Forskrift om fredning av Vingen kulturminneområde av 2.11.2001
- Oversikt KULA-område (framlegg) Vestland fylkeskommune sept 2020

Lenke til framlegg til forvaltningsplan for Vingen landskapsvernombråde med vedlegg:

<https://fpnv.naturbase.no/Plan/View?NaturvernId=VV00000574>

Adresseliste:

Universitetsmuseet i Bergen

Svelgen Kraft

Vestland fylkeskommune

Bremanger kommune

Åse Leirgulen

Elkem Bremanger

Riksantikvaren

Miljødirektoratet

Tor Hanson

Signe Hanson

Rolf og Anja Vingelven

Kristin Farestveit

Magnar Tore Vingen

Ingrid Vingen Vedeld

Rune Vingen

Svelgsdalen jaktvald v/ Alf Håøy

Miljødirektoratet



Side: 3/3